

Møte torsdag den 9. oktober kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 3):

1. Interpellasjon fra representanten Ågot Valle til kultur- og kirkeministeren:

«Det har lenge vært et mål i kulturpolitikken at kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn skal få større muligheter til å delta i kunst- og kulturlivet, og at det skal bli større rom for ikke-vestlige kunstuttrykk. Mosaikkprogrammet, i regi av Kulturrådet, har vært et første skritt for å nå disse målene. Evalueringsrapportene av programmet viser at det har hatt effekt, men at kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn i altfor stor grad blir ekskludert fra den norske kunstscenen. Rapportene peker på noen mulige årsaker: at kunstscenen har ekskludert ikke-vestlige uttrykk, og at den norske offentligheten, inkludert media, i altfor liten grad er opptatt av flerkulturellproblematikken. Det foreslås en rekke tiltak i rapportene.

Hva vil statsråden gjøre for å sikre minoritetskunstneres stilling, og dermed styrke kultur mangfoldet og skape et mer inkluderende samfunn?»

2. Referat

Minnetale over stortingsrepresentant Magne Aarøen

Presidenten: Ærede medrepresentantar!

Det var med stor sorg vi i sommar fekk meldinga om at Magne Aarøen, representant frå Sogn og Fjordane, var gått bort. Han døydde i heimen sin i Sandane natt til 27. juni, knapt 59 år gamal.

Magne Aarøen vart fødd 28. april 1944. Etter framhandsskule, folkehøgskule og statsrealskule utdanna han seg til lærar. Seinare utdanna han seg vidare innan samfunnsfag, sosialpedagogikk, edb og media. Aarøen hadde stillingar som lærar og undervisningsinspektør frå 1967 til 1987, frå 1971 i Selje kommune. I 1985 tok han eit års avbrekk frå læraryrket og arbeidde som journalist i Sunnmørsposten. Seinare flytta han og familien til Gloppen kommune, og frå 1987 var han rektor ved Sandane skule.

Magne Aarøen var politisk engasjert heilt frå studietida, og hadde verv for Kristeleg Folkeparti i heile sitt vaksne liv. I Selje representerte han Kristeleg Folkeparti i kommunestyret, han var varaordførar frå 1979 til 1981 og ordførar frå 1981 til 1983. Også i Gloppen var Aarøen engasjert i lokalpolitikken, som medlem i formannskapet i to periodar på 1990-talet.

I tida frå 1987 til 1991 sat Aarøen i fylkestinget i Sogn og Fjordane, der han også var varamedlem i ein periode på 1970-talet. Han hadde vidare ei rekkje andre offentlege verv på kommune- og fylkesplan, samt verv i Kommunenes Sentralforbund og Lærerlaget.

I 2001 vart Aarøen vald inn på Stortinget og tok fatt på arbeidet i sosialkomiteen. Han kjende allereie då godt til Stortinget sitt arbeid, etter å ha vore vararepresentant i to periodar på 1980- og 1990-talet.

Før Aarøen vart stortingsrepresentant, hadde han hatt tillitsverv på alle nivå i Kristeleg Folkeparti. Han var som ung både lokallagsleiar, fylkesleiar og sentralstyremedlem i Kristeleg Folkepartis Ungdom. I moderpartiet var Aarøen gjennom heile sitt vaksenliv lokallagsleiar i fleire kommunar. Han var nestleiar og seinare leiar i Kristeleg Folkeparti sitt fylkeslag i Sogn og Fjordane, og medlem av landsstyret i partiet frå 1992 til 1996.

Aarøen var såleis ein veteran i Kristeleg Folkeparti, og han etterlèt seg ein ruvende politisk innsats, jamvel om tida som vald stortingsrepresentant vart kort. På Stortinget vart Aarøen sosialpolitisk talsmann for Kristeleg Folkeparti. Kollegaene kan fortelje at det var ei oppgåve han passa til og utførde på ein god måte. Magne Aarøen ville sikre dei unge ein trygg oppvekst, og han hadde eit stort politisk hjarte. Som politikar var han grundig, som person var han jovial og omgjengeleg. Han hadde alltid tid til å slå av ein prat, og han var flink til å sjå til kvar og ein av dei han hadde rundt seg.

Vi vil hugse Magne Aarøen som ein varm forkjempar for distrikta og lokalsamfunna våre. Han var ein medviten representant for fleire av dei politiske motkulturane som har prega landet vårt: lekmannsrørsla, målrørsla og fråhaldsrørsla. Verdiane frå desse motkulturane var levande til stades i Aarøen sitt politiske virke. Han viste stor kløkt i å skape handfast politikk ut av denne politiske arven.

Det gjekk berre nokre få veker frå Magne Aarøen fekk vite at han hadde kreft, til han gjekk bort. Det gjorde eit sterkt inntrykk på mange å sjå korleis han nytta dei siste vekene til å avleggje frimodige vitnemål om si kristne tru, som gav meining til livet og tryggleik framfor døden. Magne Aarøen viste stort mot då han fekk vite om den alvorlege sjukdomen han var råka av. Dei som arbeidde saman med Aarøen, sit igjen med det gode minnet om ein samfunnsmedviten borgar og ein frimodig kristen. Få var så levande til stades i livet som nettopp han.

Vi minnest Magne Aarøen i djup respekt og lyser fred over hans minne.

Representantene påhørte stående presidentens minnetale.

S a k n r . 1

Interpellasjon fra representanten Ågot Valle til kultur- og kirkeministeren:

«Det har lenge vært et mål i kulturpolitikken at kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn skal få større muligheter til å delta i kunst- og kulturlivet, og at det skal bli større rom for ikke-vestlige kunstuttrykk. Mosaikkprogrammet, i regi av Kulturrådet, har vært et første skritt for å nå disse målene. Evalueringsrapportene av programmet viser at det har hatt effekt, men at kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn i altfor stor grad blir ekskludert fra den norske kunstscenen. Rapportene peker på noen mulige årsaker: at kunstscenen har ekskludert ikke-vestlige uttrykk, og at den norske offentligheten, inkludert

media, i altfor liten grad er opptatt av flerkulturellproblematikken. Det foreslås en rekke tiltak i rapportene.

Hva vil statsråden gjøre for å sikre minoritetskunstneres stilling, og dermed styrke kultur mangfoldet og skape et mer inkluderende samfunn?»

Ågot Valle (SV): Da jeg var ung jente på 1960-tallet, ble jeg kjent med sangeren Ruth Reese fra det fargede Amerika. Hun presenterte oss for de fargedes sangtradisjon, og hun ble et symbol på stoltheten i det nye, gryende flerkulturelle Norge. Men hun var en sjelden fugl.

Mye har skjedd siden da. Norge er virkelig blitt et flerkulturelt land. Vi har hatt stor innvandring fra den tredje verden. En femtedel av ungene i Oslo-skolene har nå minoritetsbakgrunn.

Skjønt, Norge har alltid vært et flerkulturelt land. Det viser det at vi har hatt samekultur, kultur fra sigøynere, tatere og – ikke minst – svensker. Se på Norsk Folkemuseum. De fikk som oppgave å bygge opp samlinger som skulle legitimere Norge som nasjon. Samlingene viser at Norge alltid har tatt opp i seg impulser fra andre land. Innholdet i det norske har alltid vært og vil alltid være i omforming. Ikke engang selburosa er genuint norsk.

Norsk kunst og kultur har alltid utviklet seg i møte med det ukjente, det som er annerledes. De som vil verne det genuint norske som noe høyverdig, tar feil og legitimerer et skille mellom oss og de andre. Det er ikke noen motsetning mellom å mobilisere for mangfold og å være stolt over sin egen kultur.

Mahatma Gandhi sa det sånn: Jeg ønsker ikke at huset mitt skal ha murer på alle kanter, og at vinduene skal blendes. Jeg vil at alle lands kulturer skal blåse friest mulig rundt huset mitt. Og jeg nekter å la meg blåse over ende.

Kulturelt mangfold har ikke, med få unntak, blitt reflektert i norsk kulturpolitikk, og i hvert fall ikke som en grunnleggende premiss. Kulturpolitikken og kunstinstitusjonene har i stor grad blitt forbundet med det nasjonale prosjektet med oppbygginga av nasjonalstaten. Men nå må kulturforståelsen bli flerkulturell. I så måte varsler Regjeringa i sin kulturmelding noe nytt, fordi den slår fast at akkurat det er nødvendig, og det er bra. Men det kommer ikke av seg sjøl, her må det noen modige og forpliktende valg til.

Målet må nå være å la det flerkulturelle mangfoldet få komme til uttrykk. Å stimulere til en mer undrende, åpen og søkende kulturforståelse er en av de viktigste utfordringene i kulturpolitikken. Det forutsetter at minoritetskunstnere får komme til med sine egne uttrykk på egne premisser – som kunstnere og ikke som et flerkulturelt alibi.

Hvorfor må vi dette? For det første fordi det er viktig i et ytringsfrihetsperspektiv. Ytringsfrihet betyr å ha muligheten til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur, lage kunst og formidle den. Så er det en rettighet å oppleve kunst og kultur, også den som treffer det kjente i deg, dine egne erfaringer. Minoritetsbefolkningen har en rett til å oppleve en kultur som har røtter i eget liv og egne erfaringer. Det gjelder ikke bare pakistanere som kom til

Norge på 1970-tallet, men i aller høyeste grad gjelder det andregenerasjonen, som har sin kultur kanskje i fellesskap med norske venner. Det viser jo mye av den nye rap-kulturen. Og så er det ikke minst for kunstens del, for å utfordre vår etablerte identitet. Kunsten er ikke noe statisk, men utvikler seg i møte med det som er annerledes. Picassos malerier er et bevis på det. Han fant inspirasjon i afrikansk kunst.

Så er det nødvendig for utviklinga av et inkluderende og tolerant samfunn, for at vi skal være et folk som ser utover våre egne landegrenser, for at minoritetsbefolkningen ikke skal være de stakkarslige, men for at det skal være synlig for oss at dette er mennesker med ressurser som kan bidra i samfunnet, også fordi minoritetskunstnerne kan være positive rollebilder for andre i minoritetsbefolkningen, spesielt ungdommen – f.eks. African Youth med sitt RISE Project, som i dag utgir en plate, og som gjør det for å synliggjøre talent og skaperkraft blant den afrikanske ungdommen i Norge.

Mosaikkprogrammet har synliggjort behovet for satsing på det kulturelle mangfoldet. Men det viser også at det er mye som står igjen. Det er ingen tvil om at den norske kunstarenaen og kunstinstitusjonene oppfattes som ekskluderende både for kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn og publikum med minoritetsbakgrunn. Dette henger altså sammen. Da er det viktig å analysere hvorfor.

For det første, og det er jeg ganske overbevist om: Dette handler om makt og avmakt. Det handler om hvem som har definisjonsmakt, hvem som har makt over ressursene. Det handler om definisjonsmakt over hva som er kvalitet, hva som er profesjonelt, hva som er verdt å støtete. Det er liten tvil om at kvalitet blir vurdert ut fra en vestlig kunstnorm.

Så handler det også om at kunstfeltet er marginalisert. Da handler dette om kunstnere som ikke har nettverk, og i konkurransen om de få kronene faller de utenfor.

Så handler det også om usynliggjøring. For eksempel Nordic Black Theatre, som er nesten den eneste teater-scenen som konsekvent presenterer minoritetskunst, blir omtrent ikke omtalt, og dersom det blir omtalt, er det som noe flerkulturelt festlig. Derfor tror jeg også det handler om at kritikerne ikke har skikkelig kompetanse – altså en kjempeutfordring til media.

Så handler det om lite tilgang til stipend og andre ordninger, også fordi kunstnerne ikke kjenner til prosedyrer og mangler nettverk. Her hadde vi et verktøy som het Artist in Motion, som ble startet av minoritetskunstnere sjøl, men som ble lagt ned på grunn av dårlig råd.

Hva må så til? Min første utfordring er at statsråden erklærer 2005 som året for det kulturelle mangfold. Det ville være en flott sjanse til å vise at vi nå bruker 100-årsmarkeringa til å bygge videre på det flerkulturelle Norge som nasjon. Så handler det om å gi makt til de marginaliserte. Jeg ser mange sammenhenger og likheter mellom kvinnekampen og jobben for et kulturelt mangfold. Det handler om å tørre å opprette kvoteringsordninger – kvoterings inn i maktstrukturene, inn i styrer som bestemmer veien videre. Det handler om å tørre å øre-

merke aspirant- og stipendordninger. Det betyr øremerkede midler til frie grupper. Det betyr å gi oppgaver til kuratorer, produsenter og regissører med minoritetsbakgrunn, for de vil ha kompetanse til å bringe inn flere stemmer og uttrykk med kvalitet. Det handler også om å tørre å øremerke noen av midlene til Den kulturelle skolesekken til dette feltet.

Så må man satse på utdanning, og dermed starte med barn og unge. Det betyr at kulturministeren må få til et samarbeid som også forplikter utdanningsministeren. Det må satses på kvalifisering til kunsthøgskolene, f.eks. en mentorordning der en majoritetskunstner samarbeider med en minoritetskunstner, en ordning som de har i England i dag. Jeg vil også vise til den etterutdanningsordninga som Musikkhøgskolen har, og det nye frie studiet der. Å satse på utdanning betyr å tørre å øremerke studentplasser til Teaterhøgskolen. Det betyr å satse på kulturskolene.

Så må man få til en kulturutveksling på kunstneres egne premisser, og sette krav til en annen måte å tenke på fra UD's side. Med andre ord, UD må legge vekk noe av merkevarenasjonalismen som skal fremme salg av Norge, og heller satse på nettverkorganisering. Så gjelder det å få til et samarbeid med kunstlivet i de landene der minoritetene kommer fra. Mela 2002 var et slikt prosjekt. Evalueringa er svært positiv. Ikke bare mobiliserte Mela 2002 nye publikummere, nemlig den pakistanske befolkningen – det er viktig i seg sjøl – men festivalen skapte en samhandlingssituasjon hvor majoritetskultur og minoritetskultur inngikk i en jevnbyrdig og nyskapende dialog. anbefaling om å føre dette videre til også å gjelde utveksling med andre land har vi fått.

Så må man styrke de institusjonene og organisasjonene som har tatt initiativ nedefra, og som har vist seg å ha livets rett. Mange av dem får penger over kap. 320 post 74, og jeg synes det er ekstra viktig å styrke de institusjonene og organisasjonene som er ledet av minoritetskunstnere.

Så må en også kreve ansvar fra de store institusjonenes side. Her har kulturministeren en kjempejobb, å vise til at dette må de ta på alvor. Og kanskje mest av alt handler det om å sikre gode rammer for et kulturløft. Det er nemlig en forutsetning for å styrke det kulturelle mangfoldet.

Det var mine utfordringer. Nå er jeg spent på hva kulturministeren kommer med.

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland: I St.meld. nr. 48 for 2002-2003, Kulturpolitikk fram mot 2014, blir det slått fast at eit hovudmål i kulturpolitikken framover vil vera å fremja kulturelt mangfald.

Heilt fram til i dag har kulturpolitikken i Noreg vore nær knytt til nasjonsbygging og ein likskapsorientert velferdspolitik. Ei sentral legitimering av kulturpolitikken har vore å dyrka fram ein særeigen nasjonal identitet forankra i ein felles nasjonalkultur.

I kulturmeldinga blir det forklart korleis ulike dimensjonar ved globaliseringa, ikkje minst aukande innvand-

ring, har gjort sitt til at ideala om likskap og nasjonal integrasjon i dag blir utfordra av nye former for forskjellar.

Den framtidige kulturpolitikken må venda perspektivet bort frå konstruksjonar av ein einsarta felleskultur og leggja til rette for ei utvikling av kulturen med utgangspunkt i det mangfaldet som pregar kultursituasjonen i dag. Ei slik grunnleggjande perspektivdreining i kulturpolitikken er ein nødvendig føresetnad for å kunna inkludere kunstnarar med minoritetsbakgrunn og deira uttrykk i det norske kulturlivet.

Sidan 1980-åra har det vore gjennomført ei rekkje tiltak i så måte, og det har vakse fram fleire mindre, uavhengige institusjonar med forankring i ulike minoritetsmiljø. Fleire av desse tiltaka får økonomisk stønad over statsbudsjettet, kap. 320 post 74, eventuelt i kombinasjon med prosjektstønad frå Norsk kulturfond.

I tillegg har fleire festivalar satsa på uttrykk med forankring i Asia, Afrika og Latin-Amerika, og nokre statlege institusjonar har satsa spesielt på uttrykk med forankring i desse delane av verda. Mellom anna har Rikskonserterane hatt formidling av musikk frå ikkje-vestlege kulturar som særleg satsingsområde sidan 1987 og har utvikla stor kompetanse på området. Innsatsen har ført til at denne musikken er kjend, godteken og likt.

Likevel er det ein lang veg å gå før vi kan vera fornøgde. Svært få aktørar med minoritetsbakgrunn er representerte ved dei meir etablerte kulturinstitusjonane i Noreg. Det kulturelle mangfaldet som i dag pregar det norske samfunnet, blir berre avspegla i avgrensa grad på kulturområdet.

For å betra situasjonen vart det i 1998 sett i gang eit fireårig utviklingsprogram for kunst og det fleirkulturelle samfunnet, Mosaikk, med utgangspunkt i St.meld. nr. 47 for 1996-97, Kunstnarane.

Med verknad frå 2002 vart Mosaikk avvikla som eige program. Samstundes vart målet for programmet – å fremja kulturelt mangfald på kunst- og kulturområdet – innarbeidd som satsingsområde i dei ordinære arbeids- og ansvarsområda til dei ulike fagutvala i Kulturrådet.

Parallelt med Mosaikkprogrammet vart det introdusert eit treårig signalprosjekt innanfor scenekunstheltet, Open Scene, som hadde som mål å opna institusjonane for kulturelt mangfald.

I St.prp. nr. 1 for 2001-2002 tok Kulturdepartementet initiativ til å gjennomføra ein konferanse om kulturelt mangfald i kultursektoren. Målsetjinga med konferansen var å involvera ulike aktørar på feltet og gi dei høve til å utveksla idear og synspunkt. Konferansen vart gjennomført i Drammen i august 2002 som eit samarbeid mellom Drammen kommune, Oslo kommune, Kultur- og kyrkje-departementet og Norsk kulturråd.

Med utgangspunkt i konferansen oppnemnde Kultur- og kyrkjedepartementet ei arbeidsgruppe som skulle drøfta korleis ein bør følgja opp målet om å fremja kulturelt mangfald på kulturfeltet. Rapporten frå gruppa vart overlevert til departementet tidleg i 2003.

Dei generelle perspektiva i rapporten er innarbeidd i kulturmeldinga. Dette dannar eit utgangspunkt for vidare utvikling av strategiar og meir konkrete tiltak som vil

måtta vurderast i budsjettssamanheng dei komande åra. Forslaga frå arbeidsgruppa vedkjem både Kultur- og kyrkjedepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, underliggjande fagorgan og institusjonar. Kultur- og kyrkjedepartementet har difor sendt rapporten til relevante instansar, slik at forslaga til tiltak kan vurderast i samband med utarbeiding av framtidige arbeidsplanar og tilhøyrande budsjett.

Både Mosaikkprogrammet og Open Scene vart evaluerte i 2002. Evalueringane tyder på at prosjekta har gjort sitt til å setja kulturelt mangfald på dagsordenen på ein heilt annan måte enn tidlegare og til å synleggjera kunstnarar med minoritetsbakgrunn. Men inkorporasjon tek tid, gjerne lengre tid enn ein hadde føresett. Det kan vera fleire grunnar til det.

Ein viktig faktor kan vera at det i sterk grad er stor-samfunnet og den dominerande vestlege forståinga av kunst, kvalitet og profesjonalitet som legg premissane for samhandling i kunstlivet. I ein slik situasjon er det fare for anten at kunstnarar med minoritetsbakgrunn og deira uttrykk blir ekskluderte, eller at kunstnarane blir tvinga til å læra seg dei norske og vestlege kodane og reglane i ein ein-sidedig tilpassingsprosess.

Erfaringane i Noreg samsvarar med erfaringane frå andre land. Dei viser at det er behov for fleire langsiktige og parallelle strategiar for å fremja kulturelt mangfald. På den eine sida må ein stimulera tiltak og prosjekt som skaper møteplassar mellom det tradisjonelt norske kunstfeltet og minoritetskunstnarane. Dette kan dels skje gjennom opptak til kunstutdanningane, dels gjennom tilsetjingar og engasjement i institusjonar, gjennom forsøks- og samarbeidsprosjekt osv. Ved ein slik strategi vil det over tid kunna skje ei gjensidig tilvenjing og tilpassing.

På den andre sida må ein stimulera til at kunstnarmiljø og enkeltkunstnarar med ikkje-vestleg bakgrunn blir i stand til å styrkja kunstnarleg profesjonalitet og kvalitet på sine eigne premissar. Dette kan skje gjennom særskilte utdanningstiltak, gjennom stønad til organisasjonar, ensemble og enkeltkunstnarar som gjer dei i stand til, på lengre sikt, å møta sine norske og vestlege kollegaer på ulike, men likeverdige vilkår.

Norske og internasjonale erfaringar tyder på at slike dobbeltstrategiar er nødvendige for at prosessen mot likeverdig inkorporasjon skal kunna finna stad.

Det vil vidare vera viktig å styrkja internasjonal kulturutveksling for å fremja det kulturelle mangfaldet. For kunstnarar i Noreg som primært arbeider med tradisjonar og uttrykk med forankring i andre delar av verda, er det ofte avgjerande at dei får høve til å samarbeida med kunstnarar utanfor Noreg. For å stimulera til kompetanse- og nettverksbygging bør tilhøva leggjast betre til rette for samarbeid med miljø over heile verda. På sikt vil dette kunna medverka til å innarbeida kulturell ulikskap som ein naturleg del av den norske kunstrøyndomen. Dette vil ikkje berre ha innverknad på kunstnarane og kunstproduksjonen. Dette vil òg gjera uttrykksmangfaldet og kulturtilbodet rikare for publikum.

Det er eit mål at kunst av høg kvalitet når fram til nye publikumsgrupper, samstundes med at minoritetsuttrykk i større grad må bli tilgjengelege for dei etablerte delane av kunstpublikummet. I nokre andre land har arbeidet for å rekruttera nye publikumsgrupper til ulike kulturarrangement stått heilt sentralt i alle strategiar for å styrkja det kulturelle mangfaldet. Dette kan skje m.a. i form av ulike formidlingsprosjekt og utvikling av funksjonelle arenaer for fleirkulturell verksemd.

Særleg viktig er det å styrkja innsatsen overfor born og unge, både med omsyn til formidling og rekruttering til kunstfeltet. Skulen er kanskje vår viktigaste arena, både når det gjeld integrering og kulturelt mangfald. Den kulturelle skulesekken vil difor vera eit viktig verkemiddel for å skapa eit meir inkluderande samfunn og styrkja det kulturelle mangfaldet.

Avslutningsvis vil eg understreka at desse signala ligg i kulturmeldinga, og eg vonar at Stortingets handsaming av kulturmeldinga vil framheva dette, slik at vi kan jobba vidare med den utfordringa som representanten har gitt meg.

Ågot Valle (SV): Jeg takker for innlegget fra statsråden.

Jeg vil gi henne stor ros, for jeg tror hun har en genuin forståelse for at dette er viktig. Derfor har vi på mange måter det samme utgangspunktet. Samtidig synes jeg det er viktig å vise fram de initiativene som er kommet ned-enfra, og som har vært vellykket.

Men det er noe jeg vil poengtere. Anne-Britt Gran og Odd Are Berkaak som evaluerte Mosaikkprogrammet og Open Scene, snakker begge to om at det finnes en institusjonell rasisme i det norske kulturlivet. Det begrunner de med at kunstnere fra andre tradisjoner enn den vestlige eller den norske ikke blir akseptert på grunn av sin bakgrunn. Er statsråden enig i at det også finnes noe strukturelt her, og at dette ikke går over ved velvillighet – med andre ord, at det kreves noen modige grep? Jeg kan ærlig talt ikke se at de grepene blir tatt, verken i kulturmeldingen eller i det budsjettet som ble lagt fram nå. Nå hørte jeg også statsråden åpne opp for at Stortinget må ta de grepene, og det er bra. Det skal vi sørge for. Derfor vil jeg igjen utfordre statsråden på om hun ikke mener at det må til slike modige grep som kvotering og øremerking, og da ikke bare kvotering til Kulturrådets fagutvalg.

Så vil jeg utfordre henne på om hun er enig i at et modig og viktig grep vil være å erklære 2005 som året for det kulturelle mangfoldet. Hvis hun er enig i det – hva vil det så bety? Vil hun da gi klare meldinger til alle i kulturlivet, også til Norge 2005, om å støtte prosjekter som underbygger det kulturelle mangfoldet?

Så vil jeg gjerne at hun skal utdype litt mer om utdanning. Det var noen veldig gode signaler i innlegget hennes om dette med å få til flere forpliktelser innen utdanning, både når det gjelder rekruttering og inngang, fordi eksamen betyr så mye for inngangsbilletten til det profesjonelle kulturlivet. Hva slags råd vil hun komme med til utdanningsministeren?

Så til kulturskolen. Jeg er ikke fornøyd med den meldinga som er lagt fram av utdanningsministeren. Jeg kan ikke se at det fremmer de flerkulturelle møtene, heller ikke at opphøring av foreldrebetalinga støtter opp under at unger fra minoritetsmiljø kan få tilgang.

Til slutt vil jeg gjerne ha en forsikring om at hun vil styrke prosjekter som Mela 2002, fordi det fremmer deltagelse fra publikum, fordi de kan møte det beste fra heimlandet og sine egne røtter, og fordi det gir noe til det norske publikummet også.

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland: For å starta med det siste i forhold til forpliktingar når det gjeld Mela 2002: Eg la fram kulturbudsjettet i går. Det ligg til handsaming i Stortinget. Når det gjeld å instruera Kulturrådet om kva dei skal bruka pengar til, har ikkje denne regjeringa for vane å gjera det, og vi har heller ikkje tenkt å gjera det i denne saka. Men eg vil understreka at kulturmeldinga faktisk inneheld desse perspektiva i den rapporten som representanten nemnde. Dei generelle perspektiva er innarbeidde i kulturmeldinga.

Når det gjeld diskusjonen om øymerking og kvotering, er det ein interessant diskusjon. Her er det ulike vinklingar. Det eg er oppteken av, er resultat. Øymerking og kvotering kan òg bli ei stigmatisering, og det ynskjer vi ikkje. Men klarar vi å få fram dette på ein annan måte, utan øymerking og kvotering, er det det beste. Går det ikkje, er eg villig til å vurdera det òg som verkemiddel.

Eg synest det er hyggeleg at representanten gav kulturmeldinga honnør for innhaldet i forhold til det kulturelle mangfaldet og globaliseringa, for honnørord når det gjeld kulturmeldinga, har ikkje kome frå denne salen før. Så det takkar eg for, og det tek eg med glede imot. Eg synest kommentarane til kulturmeldinga frå denne salen har vore ganske grå, men Kultur-Noreg har teke imot meldinga med opne armar. Dei har òg sett dei grepa vi har gjort i forhold til globaliseringa. Det har det vore viktig for meg å understreka. Det er nye ting ved denne kulturmeldinga i forhold til tidlegare. Det må Stortinget no gripa fatt i, og så kan vi saman utforma ein god kulturpolitikk, slik at vi synleggjer det viktige innspelet til norsk kultur som det kulturelle mangfaldet gir oss. Det er ikkje noko som vi skal vera i konkurranse med – det er noko vi skal samarbeida med. Så får vi framover diskutere kva verkemiddel vi skal bruka.

Eg vil ikkje ta så hardt i som å seia at det er ting som ber preg av institusjonell rasisme. Eg synest det er sterke ord. Eg er heilt sikker på at i dialog med dei ulike institusjonane, er dei òg opptekne av å skaffa rom for det kulturelle mangfaldet. Eg trur det er ein dialog med institusjonane som er beste vegen å gå for å oppnå eit godt resultat.

Elles har eg lyst til å gi representanten honnør for at ho reiser ein kulturpolitisk interpellasjon. Det har ikkje vore for mange utspel frå Stortinget si side når det gjeld kulturpolitikken i det heile. Eg skjønar at representanten har hjartet sitt meir i det kulturelle enn i det kontrollerande. Det set eg pris på, og eg ser fram til dei innlegga som kjem frå dei andre partia – så skal vi koma vidare òg i

forhold til den utfordringa som Ågot Valle har gitt oss alle saman.

Eirin Faldet (A): Arbeiderpartiet er opptatt av at Norge skal være et flerkulturelt samfunn. Kunst og kultur spiller en avgjørende rolle i arbeidet for aksept og toleranse. Kulturpolitikken skal etter Arbeiderpartiets mening målbare disse verdiene og finne nødvendige virkemidler for at dette skjer i praksis.

I debatten rundt flyktninger, asylsøkere og innvandring blir det fokusert lite på de positive virkningene av at Norge har blitt et mangfoldig samfunn på mange områder. Skal vi lykkes i integreringen, må vi ha en aktiv kulturpolitikk på dette området. Et eksempel på godt og viktig arbeid som skjer i dag, er f.eks. nettverket «Du store verden». Dette er et nettverk av arrangører, organisasjoner, institusjoner, artistgrupper og ressurspersoner fra kultur- og organisasjonslivet som arbeider med og bidrar til en videreutvikling av internasjonal kunst – kultursamarbeid i Norge og internasjonalt.

Ett av tiltakene jeg har merket meg, er at de i 2005 skal fokusere på hvilke forandringer vår kultur gjennomgår som følge av innvandringen til Norge, og se på møtet mellom kunstnere med forskjellig bakgrunn og publikum, et veldig bra tiltak.

I denne debatten har interpellanten utfordret statsråden til å erklære 2005 som et flerkulturelt år. I den forbindelse tillater jeg meg å minne om en gruppe som det har blitt begått stor urett og overgrep mot. Det er viktig å ta vare på romanifolkets kultur og historie. Arbeiderpartiregjeringen foreslo å opprette tatermuseum på Glomdalsmuseet i Elverum som en liten oppreisning i forhold til all den urett vi som samfunn har påført romanifolket, eller de reisende, som de også kalles. Museet skulle nettopp stå ferdig i 2005. Nå er det med forbauselse og skuffelse jeg registrerer at kulturministeren ikke synes det er så viktig å prioritere denne saken, og har skjøvet hele prosjektet ut i tid – dette til tross for at bl.a. statsministeren, fra Kristelig Folkeparti, har bedt de reisende om unnskyldning for de lidelser det norske samfunn har påført dem.

Vi skal i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen snart begynne å behandle kulturmeldingen. I denne meldingen drøftes disse spørsmålene noe, men ikke nok. Det blir derfor vår utfordring å få fram konkrete virkemidler for hvordan dette arbeidet skal skje i praksis. Vi er derfor glad for denne interpellasjonen, støtter tanken og intensjonene bak den og ser fram til å behandle temaet nærmere.

Olemic Thommessen (H): Dette er en betimelig og god interpellasjon, som peker på viktige forhold. Dette er ikke først og fremst et spørsmål bare om innvandrere fra den tredje verden. Dette er kanskje like mye et spørsmål om vår egen evne til det å møte verden rundt oss. Sånn sett er temaet kulturmeldingen tar opp, veldig viktig og spennende.

Jeg ser på dette som en brikke som føyer seg inn i det store bildet på hvordan norsk kulturliv og vi som nasjon

skal åpne oss og nyttiggjøre oss de impulser som verden omkring oss kan gi oss, hva enten de er fra våre nære forbindelser eller ligger langt unna geografisk. For dette er i vår egen interesse. Det er i vår egen interesse som kultur nasjon å sørge for at vi benytter de impulser som vitaliserer vår kultur.

Jeg synes både interpellanten og statsråden har pekt på mange interessante innfallsvinkler og måter å nærme seg dette på. Jeg har merket meg interpellantens ønske om modige grep, hvor hun går inn på kvoteringer og øremerkinger. Jeg er usikker på det, bl.a. fordi den gruppen vi snakker om, er en langt fra homogen gruppe. Det er en veldig sammensatt gruppe, som også har motsetninger i seg, og jeg tror vi skal nærme oss dette på en bred basis ved å føle oss lite grann fram.

Kanskje er det viktig å peke på de tiltakene som skaper kontakt direkte på grasrota der vi bor. I dag er det jo slik at kanskje noen av de lengste reisene vi kan foreta, er reisene tvers over gangen, for å få kunnskap om dem som bor der, eller i leiligheten eller huset ved siden av. Vi vet ikke så mye om dem, nødvendigvis.

Jeg vet at mange rundt i kommunene har problemer med å kommunisere inn til lokalmiljøene, altså at innvandrer miljøer i kommunene ofte blir isolert og kommuniserer dårlig med såkalte norske miljøer. Der tror jeg vi har en jobb å gjøre. Jeg tror kommunene har en jobb å gjøre. Vi jobber nå bl.a. med de såkalte introduksjonspakkene som skal komme. Der vil det være interessant å vite om dette kunne være noe som kunne bringes inn. Hvilken kunnskap har vi om våre nye naboer? Hvordan kan kommunene nyttiggjøre seg dem som kommer flyttende? Oslo kommune har en del interessante eksempler som jeg tror det vil være nyttig å ta tak i. Ellers er jeg enig i at tiltak av typen «Du store verden» er godt egnet til det å skape kontakt direkte mellom mennesker.

Ola T. Lånke (KrF): Jeg har lyst til å starte med å si at dette er en veldig interessant debatt, og en veldig viktig debatt – kanskje den viktigste vi har akkurat nå i forbindelse med kunst og kultur – om hvordan vi kan integrere kunstnere og kulturarbeidere med etnisk minoritetsbakgrunn i det ordinære eller vanlige kulturlivet. Vi må vel erkjenne at det er få steder der det er større muligheter for å oppnå menneskelig fellesskap, brobygging og samhörighet enn nettopp der mange fra forskjellige etniske grupper er til stede, og hvor vi kan møtes og både utøve og oppleve kunst og kultur. Så jeg synes det er prisverdig og konstruktivt av representanten Ågot Valle å reise en slik interpellasjon.

Både interpellanten og statsråden har pekt på årsaker til at kunstnere med etnisk minoritetsbakgrunn blir ekskludert fra den norske kunstscenen, og de har også pekt på mulige tiltak som det for så vidt kan være enkelt bare å si seg enig i. Og jeg tror vi kan enes om at det må tas et krafttak også i tiden som kommer, for å sette disse gruppenes kunstnere og kunstuttrykk på dagsordenen. Jeg tror også det er veldig viktig at dette følges videre opp, at det ikke stopper ved de mange fine tiltak som har vært, og som vi kanskje også kan bevilge penger til, men at vi ten-

ker litt gjennom hva som er selve mekanismen i kulturlivet, og som gjør at slik utstøting foregår.

Når statsråden tar til orde for perspektivdreining, høres det veldig riktig ut. Jeg tror det må skje på mange måter, for dette handler i høyeste grad om at også minoritetskunstnerne blir sett. Nå snakker interpellanten også om makt og avmakt, og jeg tror også det handler veldig mye om det. Jeg tror vi undervurderer de utstøtningsmekanismene som gjør seg gjeldende, så vel i det alminnelige arbeidslivet som i kulturlivet, i et marked med mange frilansere og mange frie kunstnergrupper. Da er det klart at det blir kamp om de ulike jobbene. Det blir stor konkurranse om å få slippe til, og der stiller jo minoritetskunstnerne med et stort etterslep, et stort tillegg som de må ta inn igjen. Derfor synes jeg det er interessant at interpellanten etterlyser modige grep, og jeg vil gå veldig langt i å si meg enig i at vi bør sterkt vurdere f.eks. kvotering. Vi har gått langt når det gjelder kvotering for å inkludere kjønnsperspektivet i arbeidslivet, f.eks., og hvorfor skulle vi ikke vurdere det her? Så jeg synes dette er prisverdig, og jeg skulle gjerne sett at vi hadde hatt mer tid. Jeg håper vi får god tid til å ta dette i forbindelse med kulturmeldingen og Den kulturelle skolesekken, som gir oss veldig god anledning til å ta opp også disse sakene, og hvor man legger til rette for at vi kan få gjort noe med det.

Så har jeg bare lyst til å si at klarer vi virkelig å inkludere de etniske minoritetskunstnerne på en bedre måte, tror jeg også vi kan se fram til ikke bare større mangfold, men også større rikdom – større rikdom for alle, for kunstlivet og kulturlivet, for landet vårt og for oss som enkeltmennesker.

Eli Sollied Øveraas (Sp): Eg er einig med dei som har sagt at det er ein interessant debatt, men eg har òg lyst til å peike på at det er ein krevjande og ein utfordrande debatt.

Senterpartiet er positivt til tiltak som bidreg til å auke mangfaldet av kulturelle uttrykk. Kulturelt mangfald er eit gode i seg sjølv. Ved at fleire kunstnarar med ikkje-vestleg bakgrunn får høve til å gjennomføre og vise fram sine prosjekt, opnar vi samstundes opp for større forståing på tvers av etniske skilnader.

Personar med minoritetsbakgrunn utgjer i dag ei stor og ueinsarta gruppe i dette landet. Dette har så langt i liten grad kome til uttrykk i kunst- og kulturlivet. Å opne for og oppmode til eit større innslag av ikkje-vestleg kunstuttrykk er både god kulturpolitikk og, ikkje minst, god integreringspolitikk.

At kunstnarar med minoritetsbakgrunn slit med å få gjennomslag, kan ha fleire årsaker. Manglande kompetanse hjå kunstformidlarane og hjå dei som sit med ansvaret for å dele ut stipend- og prosjektstøtte, kan vere ei forklaring. Men det kan òg vere eit uttrykk for at det trengst meir profesjonalisering av kunstnarane sjølve. Utdanningsinstitusjonane har etter Senterpartiet sitt syn eit visst ansvar her. Men viktigare enn å instruere institusjonane er det å støtte opp om dei innspela, aktivitetane og prosjekta som kjem frå kunstnarane sjølve.

Sjølv om mange av utfordringane er sams for kunstnarar med minoritetsbakgrunn, er det òg viktig å vere merksam på at ikkje alle er like. Utfordringane er t.d. ulike for biletkunstnarar, musikarar og forfattarar. I museums-, kunst- og scenekunstheltet eksisterer det organisasjonar og verksemdar som arbeider for å sikre minoritetskunstnarar, og som får driftsmidlar over statsbudsjettet. Det er viktig å sikre desse verksemdene levedyktig drift i framtida. Biletkunstheltet har derimot ikkje ein slik organisasjon. Her må minoritetskunstnarane sikrast moglegheit til deltaking i feltet på anna vis, t.d. ved at fleire kan få arbeidsstipend.

Målet til Senterpartiet er at minoritetskunstnarane får høve til å uttrykkje seg på eigne premisser, og at verksemda deira vert ein naturleg del av kunst- og kulturlivet. Inntil det skjer er det nødvendig med målretta tiltak retta mot minoritetskunstnarar. Senterpartiet vil derfor understreke at det er viktig å halde oppe dei løyvingane vi har retta mot auka kulturelt mangfald.

Eg registrerer at kulturministeren tek fleirkulturellproblematikken seriøst, og eg ser fram til vidare drøftingar under behandlinga av kulturmeldinga.

Ågot Valle (SV): Jeg takker for debatten. Jeg takker for at folk har understreket hvor viktig dette er. Jeg er enig med Eli Sollied Øveraas i at dette ikke bare er en viktig debatt, men også en krevende og utfordrende debatt. Jeg har registrert hvem det er som er i salen, og hvem som ikke er her i salen.

Jeg er enig i at utfordringene er forskjellige. Innenfor musikk og dans er man kommet lenger enn innenfor billedkunst og teater, så her kreves det forskjellige grep.

Så er jeg veldig glad for at Ola T. Lånke understreket at man ikke må undervurdere utstøtingsmekanismene. Det er det utrolig viktig at vi har med oss.

Også Olemic Thommessen synes jeg kom med veldig verdifulle innspill, med understreking av at dette ikke bare handler om minoritetskunstnerne, men det handler om det norske samfunnet og det norske kunstlivet. Derfor synes jeg det ville være så utrolig viktig om vi fikk til et 2005 som tok det flerkulturelle virkelig på alvor.

Til Olemic Thommessen vil jeg si at når vi er opptatt av kvotering og øremerking, er det fordi statsråden har fått veldig klare råd fra dem som har jobbet innenfor diverse arbeidsgrupper, om at det må til. Jeg synes at det hadde vært et viktig og sprekt grep dersom introduksjonsprogrammene hadde hatt sitt lys på dette feltet også. Jeg håper derfor at representanten tar med seg dette til integrasjonsministeren.

Jeg er enig med Arbeiderpartiet, som understreker at det er viktig at vi får til Glomdalsmuseet. Det er også å ta det flerkulturelle spørsmålet på alvor.

Så sa jeg at jeg har registrert hvem det er som ikke er her i salen. Jeg vil da benytte anledningen til å advare mot en utvikling slik vi ser i Danmark, hvor kulturlivet blir marginalisert, blir utsatt for markedets sensur – en sensur som utestenger de andre. Å mobilisere for en frodig kulturpolitikk med et stort mangfold vil derfor

være en av de viktigste oppgavene å ta fatt på også mot valget i 2005. Der er det fryktelig viktig at Kristelig Folkeparti velger side – i denne veldig viktige verdimobiliseringen.

Jeg har lyst til å avslutte med et lite dikt av Olav H. Hauge. Det er slik:

«Eit ord
– ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til –
Eg lyt ha fleire steinar
Skal eg koma yver.»

Det er et godt eksempel på en kunstner som fant inspirasjon i andre kulturer og gjorde det om til sitt eget, men som også viser at dette handler om et møysommelig arbeid som trenger dialog mellom minoritetskulturlivet og majoritetskulturlivet, og at vi har et kjempeansvar for å holde denne dialogen oppe.

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland: Eg må seia at avslutninga med eit sitat frå Hardanger-diktaren Olav H. Hauge er noko som varmar hjarta mitt.

Eg synest òg det har vore ein veldig fin debatt. Eigentleg trong eg ikkje ta ordet, men eg gløymde å kommentera dette med 2005 som året for det kulturelle mangfaldet. Eg vil ikkje gi eit ja i dag, men eg vil heller ikkje gi eit nei. Dette vil eg ta med meg og vurdera. Det er eit initiativ som det absolutt er verdt å tenkja igjennom.

Eg vil òg peika på at vi har ein del kulturavtalar med forskjellige land. Vi har Film fra Sør, som f.eks. fokuserer på filmar frå Kina i år. Det skjer altså ein del på feltet som er med på å underbyggja ynsket som vi alle har i forhold til meir kulturelt mangfald.

Eg har ein liten kommentar til merknaden om tatermuseet og romaniavdelinga ved Glomdalsmuseet. Det er noko som har forskuva seg i forhold til kulturbygg. Ellen Horn og Stoltenberg-regjeringa valde å utsetja bygginga av Hålogaland teater. Det har vi valt å setja i gang. Vi har måtta utsetja denne avdelinga pluss eit museum i Finnmark, fordi eg har fått ein del kritikk for at eg har brukt for mykje pengar på det å byggja nytt i staden for å bruka pengar på kulturen. Tatermuseet og romaniavdelinga ved Glomdalsmuseet kjem, men vi har altså måtta usetja det eit par år fordi vi får nokre toppar no i forhold til andre kulturbygg. Det kjem, og det er ingen indikasjon på at det skal bli dårlegare. Det er heller ingen indikasjon på at vi ser ned på romanifolket – det er det viktig for meg å understreka. Men det vart tvingande naudsynt fordi denne toppen og Hålogaland teater kom i ei anna rekkjefølgje enn det skulle etter planen, fordi Ellen Horn og Stoltenberg-regjeringa valde å utsetja det. Dei hadde høve til å setja i gang det prosjektet. No sette vi det i gang, og så må vi ta det andre i tur og orden. Det kjem, og den delen av vårt eige folk er det òg viktig å ta vare på og ikkje signalisera at det er noko vi nedvurderer.

Presidenten: Interpellasjonsdebatten er avsluttet.

S a k n r . 2

Referat

Presidenten: Det foreligger ikke noe referat.

Møtet hevet kl. 10.55.
